VENSTRE
Vestland

# MØTEBOK

for nominasjonsmøta i
Vestland Venstre
for
valkrinsane Hordaland og Sogn og Fjordane

**laurdag 13. februar 2021**

Digitale møte på Zoom

5. februar 2021

Til: Delegatar til nominasjonsmøta for dei to valkrinsane i Vestland - stortingsvalet 2021
Kopi: Varadelegatar, sekretariat o.a.

**NOMINASJONSMØTE I VESTLAND VENSTRE 13. FEBRUAR 2021**

Det er kalla inn til nominasjonsmøte i Vestland Venstre føre Stortingsvalet 2021, eitt møte for kvar av dei to valkrinsane Hordaland og Sogn og Fjordane. Du som mottar desse papira er vald som delegat eller varadelegat, anten som representant for eit av lokallaga, ein av sideorganisasjonane, eller i kraft av ditt årsmøtevalde styreverv i Vestland Venstre.

**Dato: Laurdag 13. februar 2021**

**Tid:** **Hordaland valkrins: Laurdag kl. 10.45 - 14.40** (med lunsjpause 12.15-13)
*(registrering og innlogging frå 10.00)*

**Sogn og Fjordane valkrins: Laurdag kl. 13.00 - 14.40**
*(registrering og innlogging frå 12.15)*

**Stad: Digitalt møte på Zoom**

**Link til registrering for møtet:** https://forms.gle/5at8CKzYfZtWThgU6

Varadelegatar til møtet vert berre innvilga stemmerett dersom det er forfall blant dei faste delegatane i delegasjonen.

Styret vil gjere merksam på at fylkesstyret sine årsmøtevalde styremedlemmer og sideorganisasjonane sine utsendingar skal møte for den valkrins der dei hadde lokallagstilhøyring per 31.12.20.

Sist i denne møteboka finn du:

a) Nominasjonsnemnda i Hordaland valkrins si innstilling til valliste
b) Nominasjonsnemnda i Sogn og Fjordane si innstilling til valliste

Sakspapira sendast berre ut pr. e-post

Praktiske opplysningar:

- Alle må registrere seg for å få møtelenkje. Registrering må skje seinast fredag 12. februar kl. 19.00.

- Brukarrettleiing for Zoom er vedlagt

Fylkesstyret sitt framlegg til

# Program for nominasjonsmøta i Vestland Venstre

**<u>Laurdag 13. februar</u>**

*10.15 Møterommet opnar for delegatar frå Hordaland valkrins (møterom 1)*
*10.30 Teknisk gjennomgang*

**10.45 Nominasjonsmøte for Hordaland valkrins opnar**
Opning - innkalling, sakliste og program godkjennast
Namneopprop - *sjå deltakarliste*
Konstituering
Innstilling frå fullmaktsnemnda
Leiar av nominasjonsnemnda gjer greie for nominasjonsprosessen og innstillinga
Generell debatt på listeforslaget
Kandidatpresentasjonar og eventuelle støttetaler
Nominasjon
Vedtak av fullmakt til supplering
Val av tillitsvalde for lista
Appellar

**12.15 Lunsjpause**

*12.30 Møterommet opnar for delegatar frå Sogn og Fjordane valkrins (møterom 2)*
*12.45 Teknisk gjennomgang*

**13.00 Nominasjonsmøte for Sogn og Fjordane valkrins opnar**
(same rekkjefølgje i programmet som oppgitt for Hordaland valkrins)

**Nominasjonsmøtet for Hordaland valkrins fortset etter lunsjpausen**

14.40 Begge nominasjonsmøta skal vere avslutta

Om eit av nominasjonsmøta ikkje skulle bli ferdige innan 14.40, må det setjast opp tid søndag morgon for avslutning av sakene.

## Sak 1 Opning

- *Godkjenning av innkalling og sakliste*

Innkalling vart sendt ut til lokallagsleiarar og sideorganisasjonane 12. januar og orientering om styret si avgjersle om digital gjennomføring av årsmøtet gjekk ut 19. januar.

**Forslag til vedtak:** Innkallinga til nominasjonsmøtet godkjennast

Fylkesstyret sitt framlegg til
### Sakliste
for nominasjonsmøta februar 2021 - Hordaland/Sogn og Fjordane valkrins

Sak 1 Opning
- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Godkjenning av program

Sak 2 Konstituering
- Val av møteleiarar, referentar, fullmaktsnemnd, teljekorps og protokollsignatarar
- Vedtak av forretningsorden

Sak 3 Innstilling frå fullmaktsnemnda

Sak 4 Leiar av nominasjonsnemnda gjer greie for nominasjonsprosessen og innstillinga

Sak 5 Nominasjon av valliste i valkrinsen for Vestland Venstre for stortingsvalet 2021
- Generell debatt
- Kandidatpresentasjonar og eventuelle støttetaler
- Røysting på kandidatar
- Endeleg godkjenning av vallista

Sak 5 Fullmakt til fylkesstyret om å supplere ved fråfall

Sak 6 Val av tillitsvalde for vallista

**Forslag til vedtak:** Saklista for nominasjonsmøtet godkjennast

- *Godkjenning av program*

Sjå forslag til program side 3

**Forslag til vedtak:** Programmet for nominasjonsmøtet for valkrinsen godkjennast

## Sak 2 Konstituering

- *Val av møteleiarar, referentar, fullmaktsnemnd, teljekorps og protokollsignatarar*

*Møteleiarar*
A. I møtet for **Hordaland valkrins,** er følgjande innstilt:

Grete Line Simonsen og Arvid Birkeland.

B. I møtet for **Sogn og Fjordane valkrins,** er følgjande innstilt:

Gunn Merete Paulsen og Anne Mette Hjelle

*Referentar*
**A.** I møtet for **Hordaland valkrins**, er følgjande innstilt:

Gro Gjelsvik og Timo Kanehl

B. I møtet for **Sogn og Fjordane valkrins**, er følgjande innstilt:

Linda Ness Rotihaug og Irene Storøy

*Fullmaktsnemnd*

**Forslag til vedtak:** Fullmaktsnemnd for fylkesårsmøtet vert den same som for fylkesårsmøtet, samansett av Jo Lerheim, Vigdis Tonning, Ellen Pedersen fylkessekretær Linda Ness Rotihaug og fylkesekretær Gro Gjelsvik.

*Teljekorps*
A. I møtet for **Hordaland valkrins**, er følgjande innstilt: Merete R. Hopland, Christer ML Bendixen, Håkon Frode Særsten.

B. I møtet for **Sogn og Fjordane valkrins**, er følgjande innstilt: Jon Frogner og Dina Bovim.

*Protokollsignatarar*
A. I møtet for **Hordaland valkrins**, er følgjande innstilt: Arne Lier og Kristin Golf

B. I møtet for **Sogn og Fjordane valkrins**, er følgjande innstilt: Gunnar Osland og Maria C Knagenhjelm

- *Vedtak av forretningsorden*

Fylkesstyret sitt framlegg til:

### Forretningsorden

for nominasjonsmøta i dei to valkrinsane i Vestland 13. februar 2021

**Om den generelle avviklinga av debatten:**

1. Nominasjonsmøtet vert leia av to møteleiarar som vert valde ved konstitueringa av møtet. Møteleiarane må sjå til at dei oppsette rammene for debatten vert haldne. Dei kan difor avgjere om avgrensa taletid skal innførast og gjere framlegg om når ”strek” skal setjast.

2. Møtedelegatar med stemmerett får ordet i den rekkjefølgja dei melder seg på talarlista ved trykkje på symbolet «Raise hand».
3. Møteleiarane kan tillate inntil to replikkar til kvart debattinnlegg med følgjande svarreplikk. Ein replikk kan vere maksimum 1 minutt lang. Den skal vere retta til det føregåande debattinnlegget. Delegatane teiknar seg til replikk ved å trykkje på symbolet «Open mouth». (det symbolet mellom «latter og hjerte». Møteleiar gir replikk til dei som først ber om det.
4. Eventuelle endringar i vedtatt forretningsorden krev 2/3 fleirtal.

**Om framlegg:**

1. Alle framlegg som vert sett fram til votering skal vere innsendt skriftleg innan dei fristar som er vedtatt for dette møtet. Andre framlegg skal formidlast skriftleg til møteleiar via chat eller anna løysing som er vedtatt for dette møtet.
2. Framlegg som gjeld sjølve møteavviklinga, t.d. om voteringsorden, taletid eller «strek», kan med møteleiar si tilslutning setjast under votering utan å vere fremma skriftleg.
3. Alternative forslag til nominasjonskomiteen si innstilling skal setjast opp mot ein bestemt person i denne innstillinga. Det er ikkje høve til å føreslå at ein person skal setjast inn på lista på ein bestemt plass, og at resten av namna skal forskyvast nedover.

**Om votering utanom personval:**

1. Møteleiar føreslår voteringsorden, og nominasjonsmøtet fastset denne før kvar votering når det gjeld saker der vedtektene ikkje fastset voteringsprosedyre. Endringsframlegg skal setjast opp mot innstillingane.
2. I opne voteringar voterast det med «grøn-yes» eller «rød-no»-knappane i Zoom. I skriftlege/anonyme voteringar vil det dukke opp et voteringsalternativ på skjermen (inne i Zoom), og delegaten kan der avlegge sitt svar
3. Når fleire alternative framlegg ligg føre, skal det først voterast over det mest ytterleggåande, og til slutt alternativ votering mellom dei to siste framlegga, så langt ingen krev separat votering.
4. Det kan haldast prøvevotering.

**Presentasjon av kandidatar til nominasjonen:**

1. Det opnast for at kandidatane til dei fem første plassane på det innstilte framlegget får høve til å presentere seg med ei taletid på inntil tre minuttar.
2. Eventuelle motkandidatar til dei fem første plassane får også høve til å presentere seg i inntil tre minuttar. Høvet gjeld berre ein gong overfor nominasjonsmøtet. Det opnast for inntil to støttetaler per kandidat med ei taletid på opp til to minuttar.
3. For kandidatar til plassane 6-10 på lista vert det gitt høve til å presentere seg i inntil to minuttar kvar, men utan støttetaler. Kandidatar til plasser lengre ned på lista (gjeld berre i Hordaland valkrins) får ikkje høve til å presentere seg.
4. Det er ikkje tillate med replikk til presentasjonar og støttetaler i nominasjonen.

**Valprosedyre:**

1. Dersom det berre føreligg eitt forslag til ein eller fleire bestemte plassar på lista, og ingen krev skriftleg votering, kan vala gjerast ved akklamasjon. (Gjerast ved å trykkje på klappe-symbolet eller klappe synleg for kamera.)

2. Dersom det er to eller fleire kandidatar til ein og same plass, eller dersom minst ein utsending krev det, skal valet vere hemmeleg/skriftleg via Polls.
3. Å stemme blankt vert rekna som gitt stemme.
4. Den er vald som oppnår fleire enn halvparten av dei stemmene som er gitt
5. Dersom ingen kandidat i første valomgang oppnår fleire enn halvparten av dei gitte stemmene, skal det haldast omval. Er det fleire enn to kandidatar, fell kandidaten med færrast stemmer ut i kvar valomgang, inntil ein kandidat oppnår fleire enn halvparten av stemmene. Dersom to eller fleire kandidatar oppnår same lågaste stemmetal i same valomgang, vert det loddtrekking om kven av kandidatane som fell ut.
6. Når to kandidatar står att, er den vald som har fått flest stemmer.

## Sak 3 Innstilling frå fullmaktsnemnda

Ein representant frå fullmaktsnemnda legg fram deira innstilling på tal på delegatar med fullmakt/stemmerett og møtet tek innstillinga opp til godkjenning.

**Forslag til vedtak:** Nominasjonsmøtet godkjenner (tal) delegatar som er til stades

## Sak 4 Leiar av nominasjonsnemnda gjer greie for nominasjonsprosessen og innstillinga

A. I Hordaland valkrins har nominasjonsnemnda vore leia av **Synnøve Handeland**.

B. I Sogn og Fjordane valkrins har nominasjonsnemnda vore leia av **Atle Hamar**.

## Sak 5 Nominasjon av valliste i valkrinsen for Vestland Venstre for stortingsvalet 2021

- *Generell debatt*
- *Kandidatpresentasjonar og eventuelle støttetaler*
- *Røysting på kandidatar*
- *Endeleg godkjenning av vallista*

**Forslag til vedtak:** Vallista i valkrinsen er endeleg godkjent av nominasjonsmøtet

## Sak 5 Fullmakt til fylkesstyret om å supplere ved fråfall

**Forslag til vedtak:**

Fylkesstyret vert gitt fullmakt til å supplere vallista ved fråfall

## Sak 6 Val av tillitsvalde for vallista

**Forslag til vedtak:**

Fylkesleiar Åsta Årøen og nestleiar Jan Henrik Nygård vert tillitsvalde for vallista

### A. Nominasjonsnemnda si innstilling til stortingsvalliste for Venstre i Hordaland valkrins 2021

1. Sveinung Rotevatn, Stad - Dissens: Terje Breivik, Ulvik
2. Ane Breivik, Unge Venstre/Bergen
3. Geir Angeltveit, Stord
4. Ingrid N. Fjeldstad, Bergen
5. Petter S. Ulriksen, Ullensvang
6. Agnes H. Bernes, Alver
7. Børge Haugetun, Øygarden
8. Miriam L. Seim, Alver
9. Harald Queseth, Bergen
10. Julie S. Andersland, Bergen
11. Heine Johansen, Bergen
12. Åsta Årøen, Bergen
13. Arild Raftevoll, Askøy
14. Kjersti I. Vevatne, Osterøy
15. Marius H. Hindenes, Alver
16. Elin Seim, Voss
17. Erlend A. Horn, Bergen
18. Astrid Dale, Bjørnafjorden
19. Geir Kjell Andersland, Bergen
20. Vanja Espeland, Bømlo
21. Kari Østervold Toft, Øygarden
22. Ingebjørg Winjum, Voss

### B. Nominasjonsnemnda si innstilling til stortingsvalliste for Venstre i Sogn og Fjordane valkrins 2021

1. Alfred Bjørlo, (48) Stad
2. Gunhild Berge Stang, (46) Fjaler
3. Ole-Ansger N. Martini, (21) Unge Venstre/Stad
4. Trude Risnes, (49) Sogndal
5. Dina Bovim, (18) Unge Venstre/Kinn
6. Torstein Tvinnereim, (50) Stryn
7. Elias Slåtten, (19) Unge Venstre/Sunnfjord
8. Kjetil Melheim, (41) Luster
9. Helle Frogner, (46) Stad
10. Jan Henrik Nygård, (59) Kinn